

Utviklingsplan 2025 -2027

Orstad skole



Innhold

INNHALD.....	2
INNLEIING.....	3
OVERORDNA MÅL.....	4
SEKTORMÅL FOR GRUNNOPPLÆRINGA	4
OVERORDNA DEL AV LÆREPLANEN	4
KLEPPSKULEN MOT 2028	5
KJERNEKOMPONENTAR FOR KLEPPSKULEN	5
<i>Den engasjerte eleven</i>	5
<i>Læreplanforståing</i>	5
<i>Profesjonelle læringsfellesskap</i>	5
FELLES SATSINGSOMRÅDE I KLEPPSKULEN.....	5
<i>Oracy</i>	5
<i>Digitalisering</i>	6
KVEN ER ME PÅ ORSTAD SKULE	7
UTVIKLINGSOMRÅDE 2025-2027	14
VURDERING AV UTVIKLINGSOMRÅDA.....	15
UTVIKLINGSOMRÅDE 2025-2027	15

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for god involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsarbeidet i Kleppskulen bygger på overordna del av læreplanverket, samfunnsdelen i kommuneplanen, strategiane i Kvalitetsplan for barn og unge og dokumentet Kleppskulen mot 2028.



Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kleppskulen mot 2028

Kjernekomponentar for Kleppskulen

Det er i medskapingsprosessar utarbeidd tre kjernekomponentar for Kleppskulen fram mot 2028. Desse tre kjernekomponentane er skulane forplikta å arbeide i tråd med og Kleppskulen skal retta særskild merksemd mot desse slik at dei ligg til grunn for skulane sin praksis. Dei tre kjernekomponentane og hovudmålsetjingane er beskrivne under her:

Den engasjerte eleven

Kjernekomponenten *Den engasjerte eleven* søker å inspirera og motivera elevane til aktiv deltaking og læring. Målet er å utvikla sjølvstendige tenkjarar og problemløysarar som er ivrige etter å utforska, utfordra og bidra konstruktivt til si eiga utdanning. Dette inneber å leggja til rette undervisninga på ein måte som fangar merksemda deira, fremjar kreativ tenking og oppmuntrar til utforsking. Gjennom denne kjernekomponenten ønskjer ein å utvikla ikkje berre kunnskap, men også ferdigheiter som vil vera relevante og nyttige både i og utanfor klasserommet. Det handlar om å byggja bru mellom interessene til elevane og målet til læreplanen, slik at læring blir meningsfull og engasjerande. På denne måten bidreg 'Den engasjerte eleven' til å fremja livslang læring og personleg vekst.

Læreplanforståing

Hovudmålsetjinga med denne kjernekomponenten er å sikra at lærarar og skuleleiingar har ei djup og heilskapleg forståing av læreplanen vår. Ved å ha ei solid forståing av læreplanen, skal klepplærarane og skuleleiinga betra tilpassa undervisninga for å møta behovet hjå elevane, samtidig som dei sikrar at undervisninga er i tråd med dei overordna nasjonale sektormåla. På denne måten ønskjer me å fremja effektiv læring, engasjement og meistring for alle elevane våre.

Profesjonelle læringsfellesskap

Hovudmålsetjinga med kjernekomponenten 'profesjonelle læringsfellesskap' er å skapa eit dynamisk og støttande miljø der lærarar kan samarbeida, dela kunnskap og erfaringar, og kontinuerleg forbetra undervisningspraksisen sin. Gjennom regelmessige møte, refleksjon og felles problemløysing, søker desse fellesskapa å fremja fagleg vekst og utvikling blant lærarane. Ved å ha fokus på og leggja til rette for profesjonelle læringsfellesskap vil me styrkja kvaliteten på undervisninga, auka prestasjonane til elevane og skapa ein kultur prega av læring, samarbeid og kollektiv ansvarskjensle.

Felles satsingsområde i Kleppskulen

Alle skulane har sine satsingsområde som bygger opp under kjernekomponentane til Kleppskulen. I tillegg er det to satsingsområde som er felles fram mot 2028.


Oracy

Hovudmålsetjinga med satsingsområdet oracy i skulen er å styrkja munnlege ferdigheiter blant elevar og vaksne. Gjennom systematisk trening i munnleg kommunikasjon, og dessutan bevisstgjerjing rundt tale, lytting og samtaleferdigheiter, søker ein å fremja evna

elevane har til å uttrykkja seg klart, samanhengande og overbevisande. Dette inkluderer også å utvikla empati og respekt for synspunkta til andre gjennom konstruktiv dialog. Alle våre tilsette skal ha kompetanse på korleis munnlege ferdigheiter både kan læra elevane å kommunisera og korleis dei kan læra gjennom å kommunisera. To aspekt av munnlege ferdigheiter. Oracy satsinga har derfor som mål å rusta elevar for effektiv kommunikasjon i ulike situasjonar, både i skulesamheng og seinare i livet, og dermed bidra til den personlege og faglege utviklinga deira.


Digitalisering

Hovudmålsetjinga med satsinga på digitalisering i skulen er å integrera moderne teknologi som eit effektivt verktøy for læring og undervisning. Gjennom å implementera digitale ressursar, verktøy og pedagogiske metodar søkjer ein å auka den digitale kompetansen til elevane, fremja kreativitet og innovasjon, og dessutan førebu dei på ei stadig meir digitaliserte arbeidsverda. Vidare ønskjer ein å skapa eit inkluderande læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpassa undervisninga etter individuelle behov og styrkja engasjementet og motivasjonen til elevane. På denne måten siktast satsinga på digitalisering mot å rusta elevar for framtida og fremja læringseffektiviteten i skulen.



Modellen viser korleis alt heng saman med alt i Kleppskulen sitt arbeid for å oppnå kvalitet i opplæringa


Hvem er vi på Orstad skole



Orstad skole er en 1.-10.skole. Skolen har en tilrettelagt avdeling for barn og unge med sammensatte funksjonsnedsettelse. Skolen er den eneste skolen i Klepp kommune som har bokmål som hovedmål.

Elevsentrert skuleleiing

Viviane Robinson (2014) har gjennom forskning identifisert fem leiingsdimensjonar som har stor betydning for elevane sitt læringsutbytte. Leiinga ved Orstad skule vil, med utgangspunkt i desse fem dimensjonane, arbeide målretta for å styrkje elevane sitt læringsutbytte gjennom å setje søkjelys på både leiingsdimensjonane og leiarferdighetene.



Evna til å løyse problem er til dømes avhengig av forholdet mellom leiaren si relevante djupnekunnskap om eigen kontekst og forskningsbasert kunnskap om korleis undervisning av høg kvalitet støttar elevane si læring. Robinson 2014, s.48

Etablere mål og forventningar

Leiinga har sett langsiktige mål for Orstad skule. Gjennom skuleåret 2025/2026 har skulen gjennomført TI-faktor- og GRIP-undersøkingane. Personalet har arbeidd i ulike fasar og i ulike profesjonelle læringsfellesskap (PLF), noko som har resultert i mål for inneverande og komande skuleår. Ny visjon og nye verdiar er òg ein sentral del av skulen sine mål og forventningar.

Strategisk bruk av ressursar

Tilpasset opplæring gjelder alle elever, og skal i størst mulig grad skje gjennom variasjon og tilpasninger til mangfoldet i elevgruppen innenfor fellesskapet.

Overordnet del av læreplanverket, 3.2

Som ein del av den langsiktige strategien for å redusere talet på elevar som får spesialundervisning etter opplæringslova § 11-6, og i større grad kunne gi elevane god tilpassa opplæring innanfor § 11-3, har skulen sett i verk fleire tiltak. Skulen organiserer undervisninga i mindre elevgrupper, og i fleire undervisningstimar er det sett inn styrkingsressursar med to pedagogar i større grupper. Leiinga vil følgje dette arbeidet tett opp ved jamleg å ha det som tema på avdelingsmøte gjennom heile skuleåret. Skulen har òg styrkt ressursane innan miljøretteleing og vernepleie for å kunne arbeide endå meir målretta med det psykososiale læringsmiljøet.

Thomas Nordahl viser til ein teori (2012) som tek utgangspunkt i oppretthaldande faktorar som forklarar kvifor elevar handlar slik dei gjer, og kva vi som vaksne kan påverke eller endre for å fremje positiv utvikling. Nordahl peikar også på fleire sentrale forhold (2015) som er avgjerande for at elevar skal lukkast på skulen og få størst mogleg læringsutbyte.

Forsikre seg om kvaliteten på undervisninga som gis

- Elevenes identitet og selvbilde, meninger og holdninger blir til i samspill med andre. Sosial læring skjer både i undervisning og i alle andre aktiviteter i skolens regi. Faglig læring kan ikke isoleres fra sosial læring. I det daglige arbeidet spiller derfor elevens faglige og sosiale læring og utvikling sammen.

Overordnet del av læreplanverket, 2.1

Det er viktig å sikre at undervisninga held høg kvalitet. Det må vere ein tydeleg samanheng i opplæringa elevane får, og undervisninga må vere planlagd ut frå progresjonen i læringa. Dette fremjar elevane sitt læringsutbyte. Både kvaliteten og omfanget av undervisninga er avgjerande faktorar for kva elevane lærer i klasserommet. Undervisning av høg kvalitet maksimerer tida elevane bruker på læring, aukar engasjementet deira og legg til rette for at dei lukkast med å nå læringsmåla.

Robinson (2014, s. 90) peikar på fire faktorar som kan føre til at undervisningstida ikkje blir nytta optimalt, verken kvalitativt eller kvantitativt, med tanke på elevane sitt læringsutbytte:

1. Manglande god klasseleiing.
2. Misforhold mellom viktige og planlagde læringsmål og læringsaktivitetane i timen.
3. Elevane engasjerer seg ikkje i læringsarbeidet.
4. Elevane opplever gjennomgåande mangel på meistring og suksess.

Desse faktorane understrekar kor viktig det er at leiinga følgjer opp kvaliteten på undervisninga, støttar lærarane i arbeidet med god klasseleiing og sikrar at undervisninga er målretta, engasjerande og tilpassa elevane sine behov. Slik kan skulen leggje best mogleg til rette for læring og utvikling for alle elevar.

Skulen arbeider med *Lesson Study* som metode for profesjonsutvikling, og vil i denne perioden timeplanfeste tid til systematisk deltaking i undervisninga på ulike trinn. Gjennom ein verdsetjande og støttande tilnærming vil leiinga vere tett på undervisninga i klasserommet og aktivt til stades i fellestida. Dette gir eit godt grunnlag for dialog, refleksjon og vidare utvikling av undervisningspraksisen.

For å oppnå best mogleg kvalitet i undervisninga må dei tilsette ta eit kollektivt ansvar for alle elevane. Dette inneber å samarbeide om å finne gode løysingar, dele erfaringar og støtte kvarandre i arbeidet med å nå dei felles måla skulen har sett. Eit slikt kollektivt ansvar er også avgjerande for å utvikle ein profesjonell læringskultur der refleksjon over eigen og felles praksis står sentralt.

Lede lærarane si læring og utvikling

Trygge læringsmiljøer utvikles og opprettholdes av tydelige og omsorgsfulle voksne, i samarbeid med elevene.

Overordnet del av læreplanverket, 3.1

Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over felles verdier og vurderer og videreutvikler sin praksis.

Overordnet del av læreplanverket, 3.5

Å leie lærarane si læring heng tett saman med arbeidet i dei profesjonsfaglege læringsfellesskapa (PLF). PLF-tida er ein sentral arena for å leie lærarane si læring og utvikling, og er ei av dei mest avgjerande tidene for å styrkje kvaliteten på undervisninga og elevane sitt læringsutbytte. Leiinga vil utarbeide ein heilskapleg PLF-plan som er tett knytt til skulen sin utviklingsplan. Andre sentrale møtepunkt og utviklingsarenaer ved skulen skal òg byggje på dei same måla og vere ein raud tråd gjennom heile skuleåret.

I arbeidet med inkluderande praksis og opplæring vil skuleleiinga ta utgangspunkt i Mitchell sine ti faktorar for inkluderande opplæring og Utdanningsdirektoratet sine kompetansepakkar. Skulen vil vidareføre arbeidet med *Å skape eit godt klassemiljø* (Bakken & Østvik, 2021) som grunnlag for utvikling av klasseleiing og den gode vaksenrolla, med

særleg vekt på fellesskapande didaktikk. I arbeidet med fagfornyinga vil Kunnskapsløftet vere eit sentralt styringsdokument. Når det gjeld lesing som grunnleggjande ferdigheiter, vil skulen nytte teori og metodar som er forankra i kommunen sin leseplan.

Robinson peikar på at den mest effektive måten skuleleiarar kan påverke elevane si læring på, er gjennom å fremje og delta aktivt i lærarane si profesjonelle læring og utvikling. Difor vil heile leiinga vere aktive deltakarar i PLF-øktene og bidra som rettleiarar i arbeidet med profesjonell læring. Målet er å utvikle ein praksis som fører til varige endringar i undervisninga, og som styrkjer elevane si læring, meistring og faglege utvikling.

Sikre eit velordna og trygt læringsmiljø

Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle Overordnet del av læreplanverket, 3.1 Sikre et velordnet og trygt læringsmiljø Skolen skal utvikle inkluderende fellesskap som fremmer helse, trivsel og læring for alle Overordnet del av læreplanverket, 3.1

Skulen held fram med implementeringa av **Plan for trygt og godt skulemiljø**, som skal sikre at arbeidet ved skulen er i tråd med opplæringslova kapittel 12 om skulemiljø. I skuleåret 2026/2027 vil skulen ha særleg merksemd på det førebyggjande arbeidet knytt til skulemiljøet (§ 12-3). Felles rutinar, reglar og aktivitetar, saman med systematisk oppfølging og evaluering av tiltaka, vil vere sentrale faktorar i dette arbeidet.

Relasjonen mellom lærar og elev har stor betydning for både læringsresultat og åtferd. Læraren si evne og vilje til å bry seg om alle elevane, vise interesse for den enkelte, vere støttande og ha tru på utvikling og meistring, er avgjerande for å byggje positive relasjonar. Gode relasjonar skaper tryggleik, fremjar motivasjon og legg grunnlaget for læring.

Relasjonskompetansen til både lærarar og skuleleiing er avgjerande for elevane si læring, for vurderingspraksisen og for utviklinga av eit godt læringsmiljø. Forsking viser at i klassar der lærarane har gode relasjonar til elevane, er det oftast også betre relasjonar mellom elevane og mindre førekomst av mobbing og krenkingar. Kvaliteten på læringsmiljøet i skulen og i klasserommet heng tett saman med kvaliteten på dei sosiale relasjonane mellom elevane.

Alle elevar har ein relasjon til læraren sin, og den profesjonelle læraren har eit etisk ansvar for å sørgje for at denne relasjonen er så god som mogleg. Høflegheit, respekt og anerkjenning er viktige element i profesjonell relasjonsbygging. Det er læraren som har ansvaret for å bidra til at fellesskapet i klassen fungerer positivt, både gjennom eigne relasjonar til elevane og ved å regulere samspelet mellom elevane.

I *Dette veit vi om klasseleiing* (Nordahl, 2012) blir det understreka kor viktig gode relasjonar mellom lærar og elev er for at elevane skal få eit godt læringsutbyte. Nordahl peikar på at

lærarar som klarer å engasjere seg i elevane på ein måte som gjer at elevane opplever seg sette og likte, fremjar motivasjon, arbeidsinnsats og deltaking. Lærarar som byggjer sterke og positive relasjonar til elevane, opplever òg færre utfordringar knytte til åtferd og klassemiljø.

Ved Orstad skule skal alle elevar oppleve så positive relasjonar til dei tilsette som mogleg. Relasjonskvaliteten mellom lærar og elev, og mellom elevane innbyrdes, skal kartleggjast jamleg gjennom både haust- og vårsemesteret. Resultata skal nyttast aktivt i arbeidet med å vidareutvikle eit inkluderande, trygt og læringsfremjande skulemiljø for alle elevar.

Leiarrferdigheiter

Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflektere over felles verdier og vurderer og videreutvikler sin praksis.

Overordnet del, 3.5

For å utvikle eit profesjonelt læringsfellesskap ved skulen spelar leiinga ei sentral rolle. Leiinga møtest kvar tysdag og torsdag, der hovudfokuset er det utøvande leiarskapet og korleis leiinga best mogleg kan støtte utviklingsarbeidet ved skulen. Leiinga skal vere «tett på» verksemda og vere synlege leiarar som arbeider proaktivt og systematisk for å sikre kvalitet i både undervisning og skulemiljø.

Skulen nyttar Kleppmodellen som rammeverk for utviklingsarbeidet. Det blir lagt vekt på å følgje opp eksisterande planar og sikre at nødvendige planar som enno ikkje er utarbeidde, kjem på plass. Skulen nyttar også pedagogisk analyse som verktøy for å identifisere utfordringar og finne gode løysingar. I personalsaker legg leiinga stor vekt på ryddige prosessar, tydeleg kommunikasjon og profesjonell oppfølging. Det er viktig å halde fast ved prioriterte mål og ha klare forventningar til oppgåver, ansvar og gjennomføring.

Ved Orstad skule er det særleg fokus på medskaping. Dette kjem til uttrykk gjennom at medarbeidarar skal oppleve å bli involverte, bli høyrde og få moglegheit til å påverke avgjerder som gjeld deira arbeidssituasjon. Leiinga legg vekt på å ta imot innspel, lytte til ulike perspektiv og avklare forventningar i fellesskap. Dei tilsette skal oppleve reell medverknad, og skulen legg stor vekt på eit godt samarbeid med dei tillitsvalde.

Leiinga arbeider aktivt for å sjå den enkelte elev, føresett og tilsett. Empati, respekt og anerkjenning skal prege alle møte og relasjonar ved skulen. Ved Orstad skule blir dei tilsette møtte med tillit. Rektor har forventningar om at medarbeidarane utfører arbeidet sitt på ein profesjonell måte og tek ansvar for oppgåvene sine. Samtidig legg leiinga vekt på å vere tilgjengeleg gjennom ein open-dør-politikk, ha tett dialog med medarbeidarane og vere synleg og aktiv i elevmiljøet.

Gjennom tillitsbasert leiing, tydelege forventningar, medskaping og tett oppfølging ønskjer leiinga å byggje ein sterk organisasjonskultur prega av samarbeid, utvikling og felles ansvar for elevane si læring, trivsel og utvikling.

Skulen sitt profesjonelle læringsfellesskap

Ved Orstad skule blir det arbeidd kontinuerleg med å utvikle det profesjonsfaglege fellesskapet, der lærarar, leiing og andre tilsette saman vurderer, reflekterer over og vidareutviklar både eigen praksis og skulen sin samla praksis. Skulen ønskjer å forankre profesjonsfellesskapet i ei felles forståing av kor viktig godt utviklingsarbeid er, både fagleg og sosialt, for elevar og tilsette. Målet er å byggje eit profesjonsfellesskap som vågar å stille spørsmål ved eigen praksis og aktivt søker ny kunnskap og betre løysingar til beste for elevane.

Profesjonsfellesskapet ved skulen er forankra i leiargruppa, skulen si pedagogiske utviklingsgruppe og i samarbeidstida mellom pedagogar og miljøarbeidarar. Skulen utviklar praksisen sin med utgangspunkt i **Kvalitetsplanen for Kleppskulen, Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020**, arbeidet i **Jærskulenettverket** og gjennom samarbeid med **KTT** og **PPT**. For å sikre kvalitet i utviklingsarbeidet er det utarbeidd ein tydeleg struktur som skildrar innhald, teoretisk grunnlag og arbeidsmåtar i dei ulike utviklingsprosessane. Dei tillitsvalde har ei viktig rolle i arbeidet med å utforme og vidareutvikle den langsiktige strategien for skulen.

Skulen har utarbeidd utviklingsplan for Orstad 26/27 for profesjonsfellesskapet. Mål og satsingsområde i planen byggjer på analysar av skulen si eiga verksemd. Alle tilsette har, på bakgrunn av resultat frå brukarundersøkingar, nasjonale kartleggingsprøver, nasjonale prøver, observasjonar og eigne erfaringar, bidrege inn i analysearbeidet og dermed også i utforminga av strategien.

Dei sentrale satsingsområda i planen er:

- å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø
- munnleg kompetanse (*Oracy*) og lesing
- digitale ferdigheiter
- inkludering
- tilsyn og oppfølging av elevar
- samarbeid på trinn
- styrking av elevane sine grunnleggjande ferdigheiter, særleg innan lesing

Profesjonsfellesskapet ved Orstad skule kjem til uttrykk gjennom vekentlege pedagogiske utviklingsmøte og planleggingsdagar der hovudfokuset er utvikling av fagleg kompetanse

med utgangspunkt i forskning, teori og erfaring. Arbeidet blir organisert som lærande møte der refleksjon, dialog og kunnskapsdeling står sentralt.

Skulen legg stor vekt på å skape eit trygt arbeidsmiljø som fremjar erfaringsutveksling, samarbeid og ein sterk delingskultur. Læring er ein sosial aktivitet. Vi lærer ikkje åleine, men i samspel med kollegaer. Evna til å reflektere saman om kva som kjenneteiknar god og kunnskapsbasert praksis, og i fellesskap utvikle, prøve ut og evaluere tiltak, styrkjer både den profesjonelle utviklinga til den enkelte og kvaliteten på opplæringa.

Samtidig bidreg dette samarbeidet til å styrkje fellesskapskjensla mellom medarbeidarane. Gjennom tillit, openheit og felles ansvar utviklar profesjonsfellesskapet ved Orstad skule ein kultur for læring og utvikling som kjem både elevar og tilsette til gode.

Orstad skole er en SMART oppvekst skole. SMART oppvekst skal bidra til robuste barn og unge som takler det livet byr på i medgang og motgang. SMART oppvekst handler om å sette verdier og prinsipper i bevegelse for å bygge kulturer og fellesskapet hvor barn og unge kan lykkes i sine liv (Styrkefokus – Medvirkning – Anerkjennelse – Relasjoner – Trening). SMART oppvekst er ikke et program, men en metodisk, styrkebasert, praksisnær tilnærming til å skape sosial innovasjon.

Overgangsarbeid

Gode overganger er en del av arbeidet med å forebygge, fange opp og følge med elevene / barnet. Vi har lagt til rette for gode overganger fra barnehage til skole, og internt har vi gode rutiner på overgangsarbeid mellom hovedtrinnene. Det er et samarbeid mellom Orstad læringssenter og skolen.

Analyse av læringsmiljø og læringsresultat

Viser til Kvalitetsmelding frå Kleppskulen 2025 -skuleeigar.

Med blikk for alle

Visjonen til Klepp er **Med blikk for alle**. Kleppmodellen er innført, og den er sentral i arbeidet vårt på Orstad skole for å sikre tidlig oppdagelse og innsats når barn og ungdom trenger det. Kleppmodellen finner du her: <https://klepp.betreinnsats.no/kleppmodellen/>

Utviklingsområde 2025-2027

Følgende var utviklingsområde skoleåret 2025-2026:

Den engasjerte elev;

- Oracy
- Digital kompetanse med fokus på Showbie og KI, og digital klasseledelse.
- Elevmedvirkning
- Klasseledelse
- Trygt og godt skolemiljø

Læreplanforståing

- Jobber kontinuerlig med læreplanforståelse
- Reflektert bruk av IKT i skolen
- Lærerne arbeider evidensbasert (LS)

Vurdering av utviklingsområda

Etter evaluering og prosess rundt utviklingsområdene siste skoleår, er vi enige om å fokusere videre på få områder. Kleppskolen har tre kjernekomponenter som skal gi retning for alle skolene i kommunen.

Dette året har vi hatt fokus på kjernekomponentene og arbeidet med utviklingsområdene Oracy, dialogisk undervisning, og standard for klasseledelse. Med utgangspunkt i prosessene og det som kommer fram av kunnskapsgrunnlaget vårt er det vurdert at det er behov for videre arbeid med elevmedvirkning og Oracy.

Utviklingsområde 2025-2027

Hovedfokus vil være Oracy, elevmedvirkning og profesjonelle læringsfellesskap.

Profesjonelt læringsfellesskap

Vi vil ha fokus på Lesson study som metode for å videreutvikle profesjonsfellesskapet blant ansatte. Lesson study som metode gjør at vi planlegger undervisning ut fra forskning. Lærerrollen, deling og læringskultur skal være et gjennomgående tema i fellestid på skolen.

I vårt profesjonelle læringsfellesskap vil vi fortsette å arbeide med Lesson Study som metode. Det er et godt verktøy for å lære i lag med kolleger, og for elevmedvirkning.

Læreplanforståelse

Vi vil ha videre fokus på fagfornyelsen.

Den engasjerte elev

Vi må motivere og engasjere elevene i egen læring, både faglig og sosialt.

Digitalisering

I undervisning er IPAD er supplement for læring. Skolen arbeider for å skape et inkluderende læringsmiljø der teknologi blir brukt til å tilpasse undervisningen etter individuelle behov.

Utviklingsplan for Orstad skole 2025 -2027

Handlingsplan – Trygt og inkluderende skolemiljø

Hovedmål

Orstad skole skal være en skole der alle elever trives, lærer og har det godt gjennom et inkluderende, trygt og støttende læringsmiljø som fremmer fellesskap, mestring og utvikling for alle.

Delmål	Tiltak / handling	Vurdering av måloppnåelse (indikatorer)	Suksesskriterier
Elever opplever trygghet og utvikler gode sosiale ferdigheter.	Felles regler og rutiner for atferd og samspill • Innføre og forankre felles normer for atferd og samhandling. • Felles oppstartsmøter ved skolestart. • Klassemiljøtimer gjennom skoleåret. Trivselsfremmende aktiviteter • Fadderordning. • Aktivitetsdager. • Vennskapsuke og aldersblandede aktiviteter.	• Elevundersøkelsen viser økt trivsel og trygghet. • Færre konflikter og mindre fravær. • Positive observasjoner i undervisning og friminutt.	• Elevene opplever tilhørighet og inkludering • Lavere konfliktnivå. • Trygge elever i lek og læring.
Elever viser faglig progresjon og opplever mestring.	Systematisk klasseledelse og relasjonsbygging	• Bedre læringsutbytte.	• Flere elever når læringsmålene.

Delmål	Tiltak / handling	Vurdering av måloppnåelse (indikatorer)	Suksesskriterier
	• Implementering av SMART-egenskaper. • Veiledning i klasseledelse. Tidlig innsats • Kartlegging og oppfølging gjennom Kleppmodellen. Kompetanseutvikling • Lesson Study. • Refleksjonsmøter og veiledning i inkluderende praksis.	• Økt opplevelse av mestring. • Færre elever med behov for spesialpedagogiske tiltak. • Ansatte viser økt profesjonskompetanse.	• Redusert behov for spesialpedagogiske tiltak. • Læringsmiljøet støtter både faglig og sosial utvikling.
Et konstruktivt og positivt skole–hjem-samarbeid.	• Jevnlige samarbeidsmøter med foresatte. • Tidlig dialog ved bekymring. • God informasjonsflyt mellom skole og hjem.	• Økt foreldredeltakelse. • Positive tilbakemeldinger fra foresatte. • Tidlig oppfølging av elever i risiko.	• Foreldre opplever seg som en del av skolefellesskapet. • Samarbeidet bidrar til elevenes læring og trivsel.
Elever deltar trygt og aktivt i muntlige læringssituasjoner (Oracy).	• PLF-økter. • Kommunale samlinger. • Oracy synlig i alle klasserom. • klasseromsdiskusjoner, debatter, presentasjoner og lyttetrening.	• Elevene deltar aktivt i muntlige aktiviteter. • Økt selvtillit og bedre kommunikasjon. • Lærerne bruker muntlige strategier systematisk.	• Elevene uttrykker egne meninger og lytter til andre. • Økt muntlig deltakelse. • Styrket språklig selvtillit.
Elevene opplever medvirkning og demokratisk deltakelse.	• Aktivt elevråd med reell medvirkning. • Elevinvolvering i utvikling av skolemiljøet. • Elevstemmen brukes i planlegging og evaluering.	• Elevene opplever å bli hørt. • Elevrådet bidrar til konkrete forbedringer. • Økt engasjement i skolemiljøet.	• Høy grad av elevmedvirkning. • Et inkluderende og demokratisk skolemiljø.

